

Årsrapport Nordfjord Folkemuseum 2016

Personale ved avdelinga

Anne Kristin Moe, avdelingsdirektør, 60% stilling frå 01.03.16, 100 % stilling frå 01.06.16

Aslaug Nesje Bjørlo, rådgjevar (01.01-01.06.16)

Ann-Kristin Niiranen, førstesekretær/museumsvert 100% stilling (10 % permisjon)

Ingrid Berger, konservator, 100 % stilling

Kristin B. Svendsen formidlingsleiar 100 % stilling

Nils Åge Kvamme, handverkar/driftsansvarleg, 100 % stilling

Kent Arvid Flølo, handverkar/driftsteknikar 50 % stilling

Steinar Everbø, handverkar/fagarbeidar 50 % stilling

Eli Kristin Arnestad, reinhaldar inntil 20 % stilling (til 01.08.16)

Maria Bolseth, reinhaldar inntil 20 % stilling (frå 01.08.16)

Anne Kristin Moe starta som ny avdelingsdirektør i mars. Tidlegare avdelingsdirektør Aslaug Nesje Bjørlo gjekk av med pensjon i 2015, og var rådgjevar ved avdelinga fram til Moe var i full stilling i juni.

Eigarstyre og Råd

Nordfjord Folkemuseum er drifta av Musea i Sogn og Fjordane (MISF) som eiga avdeling. Avdelinga har eit eigarstyre som har forvaltningsansvar for eigedommane til Nordfjord Folkemuseum, og eit råd som er øvste styringsorgan for saker som sorterer under eigarstyret. Rådet består av representantar frå dei sju Nordfjordkommunane, samt Nordfjord Sogelag.

Det var halde møte i Eigarstyret Nordfjord Folkemuseum for 26.mai og Rådet for Nordfjord Folkemuseum 16.juni. Fyljande representantar er valde til eigarstyret for perioden 2016–2019: Magny Aa Berge (Rådet), Karoline Bjerkeset (Gloppen Kommune) og Sverre Folkestad (Nordfjord Sogelag).

Representasjon

Nordfjord Folkemuseum har i 2016 vore representert i styret i Stiftinga Karnilstunet (Sandane) og Liatunet (Stryn), og medlem i Norsk Forening for Fartøyvern, Stiftinga Gamle Innvik Ullvarefabrikk og Visit Nordfjord. Avdelingsdirektør har vore med i kulturleiargruppa i Nordfjord og Ressursgruppe for Kulturminneplan i Gloppen.

Forvaltning

Uteområde

I 2016 har Nordfjord Folkemuseum satsa på å tilføre friluftsmuseet fleire kulturlandskapselement. Det er laga risgard (historisk gjerde) fleire stadar og anlagt historiske plantar. Eit anna tiltak er anlegg og drift av ein potetåker til bruk i kulturhistorisk formidling. Nordfjord Folkemuseum har dessutan ansvar for vedlikehald og drift av eplehagen med gamle fruktsortar som er klonarkiv for frukt ved Norsk Genressursenter.

I tilknytning til vadmålstampa er det bygd grue og montert jerngryte til oppvarming av vatten til bruk i formidling. Det er også laga til ein bålplass i samarbeid med Firda VGS som kan brukast av publikum etter avtale.

Det er gjennomført fleire tryggingstiltak, mellom anna rekkverk på nokre av bygningane og gjerde rundt den fleire hundre år gamle Hjelmeset-eika i Friluftsmuseet. Den temporære kunstinstallasjonen «Det vesle raude huset» vart fjerna etter å ha stått på museet sidan 2009.

Dette året var det utført eit stort skogryddingsarbeid etter orkanen «Tor». Det er elles gjennomført vanleg vedlikehald av festplass med benkar og grøntareale kring dei antikvariske bygningane og Holvikejekta, til saman 87,5 mål. Dei 30 bygningane som har torvtak vert alle slått om sommaren.

Samlingar

Av bygningsantikvarisk arbeid er det i 2016 skifta tak på Sætastova og reparert glaskarmar på Sydneshuset. Do frå Davik har fått ny dør på grunn av rote. Fire antikvariske hus (Sydnes, Austrheim Singer og Kandal) er vaska utvending.

Museumsfartøyet Holvikejekta er stilt ut ved fjorden like utanfor Sandane sentrum, og er den siste bevarte lastebåten av sitt slag. Museet har hatt fleire møte med kommunen om vidare framdrift kring eit formidlings- og bevaringsbygg. På oppdrag frå Nordfjord Folkemuseum har Hardanger Fartøyvernssenter laga ein rapport om bevaringsverdien og mogelege konserveringstiltak. Både Norsk Kulturråd og Nasjonalt jektemuseum/Nordlandsmuseet har vore på befarings på jekta i 2016.

Det er sett i gong eit stort revisjonsarbeid på gjenstandar som har vore lagra ulike stader i Friluftsmuseet for å få dei på magasin. Ein del av dette arbeidet er rydding av bygningar.

To bygningar er tømde og gjenstandane der gjennomgått, identifisert og revidert. Det er levert 8-10 tonn stål til gjenvinning og soleis plass til mellomlagring av større gjenstandar før fellesmagasin i ei tredje bygning. Ei fjerde har blitt rydda til mellomstasjon for mindre gjenstandar.

Det er gjennomført opprydding i system og fornying av prosedyrar for samlingsforvaltninga. Over 200 større landbruksreiskap i samlinga har blitt gjennomgått og identifisert, reingjort, fotografert og registrert. Plogane i samlinga er no samla i eit hus, merkt og ordna. Utvalde plogar og horvar frå ulike tidsperiodar er stilt ut i Frislid-lada for betre oppbevaring og betre tilgjenge for publikum. Det er i tillegg gått gjennom ein stor mengd restansar med 1900-tals drakt som har stått lagra sidan 1993.

Av inntak er det i 2016 teke inn 134 einskilde gjenstandar, hovudsakeleg tekstil, julepynt og bestikk frå tidleg 1900-tal. Det er avhenda 418 objekt (inkludert ikkje-registrerte objekt). I 2016 har 347 gjenstandar fått påført plassering, 582 har fått foto, og 337 er publiserte på www.digitaltmuseum.no. Pr. 31.12.2016 har Nordfjord Folkemuseum 13 566 digitalt registrerte gjenstandar.

Nordfjord folkemuseum fekk overlevert nytt klimaanlegg for magasinane i 2016. Det nye anlegget har moduler for varme, kjøling, fukting og avfukting. Anlegget har også SD –anlegg (sentralstyring) som har letta arbeidet mykje. Me er no inne i ein prøveperiode på eit år og erfaringane er til no gode.

Avtalen om å leige bort magasin til fylkesarkivet vart sagt opp i 2014. Fylkesarkivet flytta ut sommaren 2016 og magasinet nyttast no til museumsgjenstandar.

Forsking

Tilsette ved Nordfjord Folkemuseum har i 2016 publisert seks artiklar:

«Nordfjordbåten -levande tradisjon med røter i vikingtida» *Nordfjordboka* Selja forlag (Ingrid Berger)

«Fine prinser frå Stryn» *Årbok for Stryn 2016*, Stryn Historielag. (Ingrid Berger)

«Bodstikke frå Breim» *Ljøren 2016*, Gloppen sogelag (Ingrid Berger)

«Den visuelle dialekta» *Syn og Segn* (Anne Kristin Moe)

«Juletradisjonar» *Jul i Nordfjord* (Anne Kristin Moe)

«Julepynt» *Jul i Nordfjord* (Kristin Svendsen)

Avdelingsdirektør har sitte i redaksjonsnemnd for boka «Immaterieell kulturarv på museum» (publiserast 2017).

Formidling

Generelt publikumsarbeid

I 2016 utvida Nordfjord Folkemuseum opningstidene og byrja med søndagsope museum. I sommarsesongen var omvisingar to gonger om dagen ei del av det daglege tilbodet, samt museumsosndag med aktivitetar for born kvar onsdag. I haust-/vintersesongen starta vi med Museumsosndag for vaksne med utstillingsopningar, foredrag etc. på kveldstid ein gong i månaden.

I 2016 har vi elles hatt museumsfaglege opplegg for m.a. National Norwegian-American Museum (USA), Visit Nordfjord og Fylkeskommunen, i tillegg til møter for Nordfjord Sogelag, Eigarstyret og Rådet for Nordfjord Folkemuseum. Avdelinga har arrangert konsertar i samarbeid med Jeremiasfestivalen, Countryfestivalen og Gloppen musikkfest, samt hatt arrangement for Roseklubben, Gloppen Opplæringsssenter og Frivillegsentralen.

Nordfjord Folkemuseum har vore nytta i både lokal- og riksdekkande media om potetferie og påsketradisjonar, folkedrakter og bunader. Tilsette ved avdelinga har vore fordragshaldarar for Odd Fellow, Rotary, Senioruniversitetet og Sancta Sunniva kyrkjeakademi.

Publikumstalet i 2016 var 9611. Av desse var 4449 enkeltbesøk vaksne, 1500 enkeltbesøk born, 1266 vaksne i gruppe og 2396 born i gruppe.

Pedagogiske opplegg

I 2016 har Nordfjord Folkemuseum hatt følgjande pedagogiske opplegg for skuleklassar:

«Gamle leikar» (alle klassetrin)

«Kultursti» (alle klassetrin)

«Natursti» (alle klassetrin)

«Det game bondesamfunnet» (alle klassetrin)

«Eventyrstund» (barnehage;1.- 4.kl)

«Eplepressing» (barnehage;1.- 4.kl; Gloppen Opplæringsssenter)

«Skulestova» (1.-7.kl)

«Tidsreise» (3.-4.kl.)

«Frå korn til brød» (5.-7.kl)

«Jektetur» (5.-10.kl)

«Båt i Gloppen» (9.kl)

«Og fela ho let» (5.kl.-3.VGS)

«Kjeldegransking» (2 VGS)

Gjennom Den kulturelle skulesekken i Gloppen har avdelinga hatt tilboda «Båt i Gloppen» for 9.klassar og «Film i sekken» for 5.klassar. «Film i sekken» er eit opplegg der elevane får omvising i museet si temporære utstilling etter kinobesøk. Avdelinga har også hatt andre pedagogiske opplegg knytt til utstillingane «MuseumsTING», «Ja takk begge deler» og «Livreddaren», samt eit formidlingsopplegg i Selje knytt til 150 års jubileet for Selje kyrkje.

Utstillingar

Nordfjord Folkemuseum har interiørutstillingar i 15 hus i friluftsmuseet som vert laga til for kvar sesong. I utstillingsbygget har vi vist fem utstillingar i 2016:

01.01.15-15.04.16	Jekteutstilling (eigenprodusert)
08.03.16-08.04.16	Stilhistorisk titteskåp-utstilling laga av elevar ved Eid VGS, Interiør og design
24.04.16 – 21.08.16	«MuseumsTING» (eigenprodusert)
31.08.16-11.11.16	«Ja takk begge deler, musikk og nasjonale minoritetar» (Ringve Museum)
16.11. – 31.02.17	«Livreddaren – eit dokumentarisk portrett av spelsauen» (Havråtunet m.fl.)

I tillegg har den eigenproduserte utstillinga «Kystgeita» frå 2008 har blitt vist heile året i Selje.

Opne arrangement

22.-26.februar	Vinterferieaktivitetar knytt til jektefart
24.april	Utstillingsopning MuseumsTING
10.mai	Strikkekafe i samarbeid med Frivillegsentralen
1.juni	Sesongopningsarrangement
8.juni	Museumsonsdag med aktivitetar for born
15. juni	Museumsonsdag med aktivitetar for born
22. juni	Museumsonsdag med aktivitetar for born
29. juni	Museumsonsdag med aktivitetar for born
6.juli	Museumsonsdag med aktivitetar for born
13. juli	Museumsonsdag med aktivitetar for born
14.juli	Konsert i samarbeid med Countryfestivalen
20. juli	Museumsonsdag med aktivitetar for born
27. juli	Museumsonsdag med aktivitetar for born
3. august	Museumsonsdag med aktivitetar for born
10. august	Museumsonsdag med aktivitetar for born
17. august	Museumsonsdag med aktivitetar for born
20. august	Konsert i samarbeid med Jeremiasfestivalen
24. august	Museumsonsdag med aktivitetar for born
31. august	Utstillingsopning «Ja takk begge deler. Musikk og nasjonale minoriteter»
3.september	Konsert i samarbeid med Gløppen musikkfest
25.september	Stand på Matamål med eplepressing og formidling
2.oktober	Verdsdag for psykisk helse - arrangement i samarbeid med Frivillegsentralen
10.-14. oktober	Potetopptaking for born i haustferien.
19.oktober	Foredrag «Tatarar i Nordfjord»
11.november	Kulturnatt med forteljing og internasjonal kafé
16.november	Utstillingsopning «Livreddaren – eit dokumentarisk portrett av spelsauen»
14.desember	Foredrag «Sau og jul»
4.desember	Julemarknad

Fornyng

Nordfjord Folkemuseum har spesielt jobba med fornyng i forholdet samling – publikum. Vi har byrja å bruke sosiale medium aktivt for å fortelje om gjenstandane våre og kva vi jobbar med på forvaltningssida. Kvar veke plukkar konservator ut ein gjenstand frå samlinga og fortel litt om denne i «Vekas ting» på facebook. I utstillinga «MusemTING» ville vi også gje ein bak kulissane-presentasjon til publikum, der dei fekk vere med på objektet sin veg frå privat til museumsgjenstand.

I 2016 har vi hatt fokus på nasjonale minoriteter og innvandrere gjennom utstilling og arrangement. Utstillinga «Ja takk begge deler. Musikk og nasjonale minoriteter» profilerte musikk og historier til nasjonale minoriteter. Ved bruk av musikkvideo, bilde, gjenstandar og tekst ville ein utfordre førestillingane om kva det betyr å tilhøyra ein minoritet og ein majoritet. På Kulturnatt hadde vi internasjonal kafé med forteljingar, i tillegg til arrangement i samarbeid med Frivillighetsentralen.

Når det gjeld fagleg utvikling har Nordfjord Folkemuseum sett fokus på den lokale båt- og jektetradisjonen i både eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Det har vore sett av tid til fagleg fordjuping, i tillegg til deltaking på seminaret «Reisen til Hanseatenes Bergen» (Bergen 9.juni) og konferansen «Tradisjonsbåtbygging som universitetsfag» (Tromsø 17.-18 oktober). Det er også sett i gong eit samarbeid med Nordfjordbåtlaget og eksterne fagpersonar om eit båtseminar i 2017.